

Vestnes Ungdomsråd
Høyrings svar til kommuneplan

I møtet i Ungdomsrådet 21.01.21, var saka om ny kommuneplan oppe. Ungdomsrådet svaret med eit høyrings svar i tråd med saka.

Vestnes ungdomsråd meiner at visjonen til Vestnes kommune er god, og at det er bra at vi vil halde oss «midt i blinken».

Problemstillinga Vestnes kommune står ovanfor no, er det at ungdommane våre ikkje flyttar heim att til kommunen etter studietid utanfor fylket. Ungdomsrådet har til dette komme med eit par konkrete tiltak vi meiner kommunen kan innføre for att ungdommane kan ville flytte heim att:

Kommunen manglar arbeidsplassar som ikkje berre er relatert til verft.

Vi ser at færre og færre ungdommar utdannar seg innanfor verft-industrien. Ungdomsrådet meiner at kommunen har ein mangel på arbeidsplassar som ikkje berre er verft-relatert. Vi meiner også at kommunen bør komme med informasjon til barn og unge om kva verft-industrien inneber (altså at det ikkje berre er båt-bygging, men programmering, IKT m.m.).

Barn og unge treng meir informasjon om jobbmoglegheitene i kommunen.

Generelt når det kjem til jobb-tilbod i kommunen er dei lyst ut via nettstaden til kommunen. Dette meiner vi i ungdomsrådet kan vare ei hindring for barn og unge fer innsikt i kva moglegheiter dei kan ha å jobbe innanfor kommunegrensene.

Vestnes ungdomsråd ønsker at det blir informert i større grad til barn og unge kva jobbmoglegheiter dei har.

Kontorfellesskap.

Mange av våre ungdommar (som no er vaksne) har flytta ut av kommunen. Mange av desse bur i leilegheiter i byar. Gründer-verksemd blir meir og meir viktig, og fleire og fleire unge vaksne er sjølvstendig næringsdrivande. Desse ser lite nytte i å flytte til Vestnes, når dei kan jobbe heime frå ei leilegheit.

Difor ønsker ungdomsrådet at det skal bli sett på kontorfellesskap for sjølvstendig næringsdrivande, der menneske kan ta ein del i eit større og ny-tenkjande fagmiljø, samt å ha ein plass utanfor heimen der dei kan jobbe.

Trafikktryggingstiltak i kommunen.

Med ein aukande ferjetrafikk, ser vi som er avhengig av kollektivtransporten at det blir farlegare å ta seg til skulen. Det vi spesielt tenkjer på då, er Furneset ferjekai. No etter nyttår har alle ungdommane som går på VGS i Molde, samt alle vaksne som pendlar til jobb i byen, blitt naudsynt å ta ferje. Dette kan skape situasjonar.

Det er ingen overgangsfelt, og ingen skikkelege gangvegar på ferjekaia. Dette gjer det verre for dei ungdommane og vaksne som skal ta seg over vegen. Bilane kjem susande forbi, og i mørke klede ein vintermorgon er det u-oversikteleg.

Vestnes ungdomsråd ber difor kommunen å utvikle ein strategi for å gi alle ein trygg skule- og jobb-veg.

John Moldver Salthammer
Leiar, Vestnes ungdomsråd